

# SLUTTRAPPORT

Fv. 545 Kinnvegen inkl. Thor Solbergsvegen



Rapport utarbeidd av Dag Ove Ulltang, Arild Øren og Oddvar Skrede

Godkjend dato:

19/4-2016

Signatur

Margot Åsebø

Godkjend av:

Margot Åsebø

# 1 Samandrag

Fv. 545 Kinnvegen, som går frå den gamle sjukehusbygningen ved kryss Torggata og Michael Sarsgate og til Flora Lufthamn, var før utbyggingsprosjektet starta utan gangsamband.


Utbyggingsprosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom:

- Flora kommune, etablering av nytt VA-anlegg
- Telenor, fornying av Tele
- SFE, fornying av høg- og lågspentanlegg
- Statens vegvesen, bygging av samanhengande gangsamband og utbetring av køyreveg samt sanering og utbetring av därlege avkøyrslar/kryss.

## 1.1 Oversiktskart:

Blå linje markerar Thor Solbergveg

Raud linje markerar Kinnvegen.



## 1.2 Milepælar:

Milepæl	Dato	Merknad
Fylkestingvedtak	2008	Vedtak i fylkestinget. Forventa oppstart i 2010
Reguleringsplan Thor Solbergvegen	25.06.2004	
Utbygging Thor Solbergvegen	29.06.2011–01.09.2012	Ingen offisiell opning av denne parsellen. Entreprenør: Magne Hafstad as
Overtatt av byggherre	07.11.2012	Overlevert drift
Reguleringsplan Kinnvegen	07.06.2012	

Utbygging Kinnvegen	08.01.2014– 29.09.2015	Entreprenør: Trygve Ullaland AS
Kostnadsoverslag	2010	Opphaveleg anslag, kr. 26 mill.
Revidert kostnadsoverslag	2011	kr. 46 mill.
Overtatt av byggherre	29.9.2015	Overlevert drift
Open for trafikk		Vegen var open for trafikk i anleggstida
Vegopning	02.10.2015	Fylkesordførar Åshild Kjelsnes opna vegen

## 2 Prosjektskildring

### 2.1 Historikk

Vedtak i fylkestinget i 2008 slo fast at fv.545 Kinnvegen skulle inn i budsjett og økonomiplanen, og at prosjektet skulle realiserast med planlagd oppstart i 2010.

Bygging av samanhengande gangsamband frå Flora Lufthamn til Torggata var eit samarbeidsprosjekt med Flora kommune, Telenor samt Sogn og Fjordane Energi Nett. Samarbeidet var basert på bruk av felles grøfter for å etablere ny infrastruktur i vegbana. Kostnader, oppgåver og ansvar i fellesprosjektet vart regulert av samarbeidsavtale mellom Statens vegvesen og kvar av dei andre etatane. SVV var kontraktspart mot entreprenør, og var ansvarleg for etablering av felles grøfter samt bygging av kommune sitt VA-anlegg, medan andre etatar sjølv var ansvarleg for prosjektering og teknisk godkjenning av sine anlegg. SFE og Telenor var sjølv ansvarleg for å bygge sine anlegg.

#### 2.1.1 Thor Solbergsvegen.

Denne delen av prosjektet omfatta bygging av fortau, utbetring av fylkesveg, nytt VA anlegg til Flora kommune, kablar til Sogn og Fjordane Energi AS og Telenor.

Thor Solbergsvegen er einaste tilkomst til 330 skvadronen og flyplassen. Arbeidet på vegen måtte derfor utførast utan stenging av veg.

Reguleringsplan frå 19.04.2006 var grunnlaget for byggeplan. Oppstart av prosjektering av veg/fortau januar 2010.

Tilbodskonkuransen starta desember 2010, og ved tilbodsfrist januar 2011 kom det inn eit tilbod. Sidan det berre var ein tilbydar som leverte pris, vart konkurransen avlyst pga. manglende konkurranse.

Ny konkurranse vart lyst ut mai 2011. Ved anbodsopning i juni kom det inn 3 tilbod. Magne Hafstad AS vart innstilt og fekk tildelt kontrakt pålydande kr. 13.649.619 ekskl. mva, (omrekna til 2016-kroner, kr. 15.051.395.-).

Entreprenøren starta arbeidet oktober 2011, og anlegget vart overtatt november 2012.

Utfordringar i byggefasesen var tilkomst til 330 skvadronen og flyplassen.

I anleggsperioden vart det avdekka dålege massar i eksisterande veg og det var behov for meir masseutskifting enn det som var planlagt.

Pga. meir masseutskifting og tilleggsarbeid på VA- anlegg til kommune fekk entreprenøren 3,5 månader lenger byggetid.

### 2.1.3 Kinnvegen

Reguleringsplan for Kinnvegen var eldre, og for å sikre retten til eventuell oreigning vart det bestemt at denne skulle reviderast. Ny reguleringsplan vart godkjend av i Flora kommune 07.06.2012.

På Kinnvegen vann ein lokal entreprenør, Trygve Ullaland AS, konkurransen. I tillegg fekk vi tilbod frå Magne Hafstad AS og Mesta as. Kontraktsarbeidet pålydande kr. 53.098.733,- ekskl. mva (omrekna til 2016-kroner, kr. 56.957.021,-) starta 13.01.2014 og vart overtatt av byggherren 29.09.2015, 8 månader før kontraktfesta ferdigstilling.

Kinnvegen var stengt for gjennomgangstrafikk i anleggsperioden, men det var krav i kontrakt om at naboar til anlegget skulle ha tilkomst til heimane sine. Dette saman med at mjuke trafikantar, også skuleborn, skulle ferdast trygt gjennom anleggsområdet gjorde trafikkavvikling utfordrande.

Prosjektet hadde fokus på tett dialog og god informasjon til naboar. Dette, saman med ein samarbeidsvillig og løysningsorientert entreprenør, gjorde trafikkavviklinga mogleg.

Erfaringar frå Thor Solbergsveg medførte at det vart nytta geonett som alternativ til masseutskifting der det var djupe utskiftingsmasser.

Fv.545 Kinnvegen og Thor Solbergsveg vart formelt opna av fylkesordførar Åshild Kjelsnes 02.10.2015.

## 3 Økonomi

### 3.1 Løyvingar til fv. 545 Kinnvegen

Total løyving til Tor Solbergvegen og Kinnvegen rekna i 2016-kr.: 84,6 mill.

### 3.2 Utførte kostnader

Tabell nedafor viser tilhøve mellom årleg forbruk i løpende kroner og omrekna til 2016 kroner. Beløp viser totale påløpte kostnader inkl. byggherrekostnader, prosjektering samt utbetalt forskot på grunnerverv.

År	Sum 2010- 2016	Årleg forbruk								
		2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016 (prognose)	
Mill. kr. (løpende)	85 337	0	2 066	2 976	16 510	7 563	31 439	21 783	3 000	
Mill. 2016 –kr.	90 231	0	2 490	3 476	18 205	8 113	32 773	22 175	3 000	

### 3.3 Prognose for 2016:

(Tal 1000-kroner)

Forbruk pr. 29.3.16	4 363
Til gode Flora kommune	-899
Til gode SFE	-322
Til gode Telenor	-324
Restforbruk 2016	182
Prognose 2016	3 000

Prosjektet treng finansiering med kr. 3 mill.

### 3.3 Restarbeid grunnerverv

Grunnerverv er ikke avslutta enno. Dersom det vert minnelege avtalar forventast dette ferdig i 2016. Dersom grunnerverv må gjennomførast med skjønn vert dette truleg ikkje halde før i 2017. Det er pr. dato ikkje noko prognose for sluttsum i høve grunnerver.

## 4 Entrepriser

Prosjektet var delt inn i to entrepriser utforma som einingspriskontrakt.

### 4.1 Thor Solbergsvegen.

Totalt tre entreprenørar som gav pris. Maskinentreprenør Magne Hafstad as fekk tildelt kontrakten.

Kontrakt / avtale	Signert kontrakt	Overlevert frå entreprenør	Entreprenør
Fv.545 Thor Solbergsvegen	08.09.2011	07.11.2012	Magne Hafstad as

### 4.2 Kinnvegen

Totalt tre entreprenørar som gav pris. Maskinentreprenør Trygve Ullaland AS fekk tildelt kontrakten.

Kontrakt / avtale	Signert kontrakt	Overlevert frå entreprenør	Entreprenør
Fv.545 Kinnvegen	20.11.2013	29.09.2015	Trygve Ullaland AS

### 4.3 Garantiar

Entreprenørar stilte ansvarsforsikring som og dekker skader som skuldast underentreprenørar.

I samsvar med krav i kontrakt stilte entreprenørane bankgaranti på 10% av kontraktsum som samla tryggleik for oppfylling av kontraktpliktene i bygge- og garanti-/reklamasjonstida. Det tredje og siste året av garantitida utgjer garantien 1% av kontraktsum. Garantitida er 3 år rekna frå overtaking av kontraktarbeidet.

## 5 Ulykkesstatistikk

	Totalt for Tor Solbergsvegen	Totalt for Kinnvegen	Mål for prosjektet
H1	0	18,84	< 8
H2	0	18,84	< 25
F	0	11,49	< 160
N	173	941	> 500

Forklaring til tabellen:

H1 = antall personskader med fravær utover skadestedag x 1 000 000 / utførte timeverk

H2 = antall personskader med og uten fravær x 1 000 000 / utførte timeverk

F = antall fraværsdager som følge av personskader x 1 000 000 / utførte timeverk

N = antall nestenulykker/farlige forhold x 1 000 000 / utførte timeverk

## 5.1 Thor Solbergsvegen

Det var ingen ulykker ved bygging av Thor Solbergsvegen og arbeidet var utført utan alvorlege skadar og fråvær.

## 5.2 Kinnvegen

Det var ei alvorleg ulykke ved bygging av Kinnvegen. Tre som skulle fellast hang saman med anna tre i toppen og trefte skogsarbeidar. Konsekvens vart personskade i rygg og ankel som medførte fråværsskade. Arbeidar er tilbake i sitt ordinære arbeid.

# 6 Miljø

## 6.1 Estetikk og tilpassing til landskap

Prosjektet har valt løysingar tilpassa miljøet (tett busetnad). Utstrakt bruk av fortausløysing med innsynskjermar mot private eigedommar. Veglys langs heile gangsambandet.

## 6.2 Støy og vibrasjonar

Arbeidet medførte ein del sprengingsarbeid i linja. Dette vart utført i samsvar med gjeldande regelverk. Vibrasjonsmålingar vart utført ved sprengingsarbeid. Vi har ikkje registrert klagar frå naboor knytt til sprengingsarbeidet.

## 6.3 Ytre miljø

Det var utarbeidd plan for å ta vare på Ytre Miljø. Denne vart følgd godt opp av entreprenør, mellom anna vart avfall frå anlegget køyrt til godkjend deponi. Reglar om arbeidstid og konraktfesta stopp i arbeid i feriar og inneklemda dagar vart følgde.

# 7 Grunnerverv

I samråd med SVV sin eigedomsseksjon vart det avtalar om grunnerverv i form av arbeidsløyver. Det er betalt ut ein del i forskot, men grunnervervet er enno ikkje formelt ferdig. Det vert truleg avgjort ved skjønn.

Prosjektet har hatt god støtte frå SVV si eigedomsavdeling som har oppretta ein god dialog med grunneigarane.

# 8 Tekniske løysing

## 8.1 Vegklasse og vegutforming

Vegen er planlagt og bygd i vegklasse Sa2 med fartsgrense 40 km/t.

Ny vegutforming er med vegbredde 6,75m, kvart kjørefelt er 3,0m og skulder 0,25+0,5m. Fortau er planlagt med ei bredde på 3,0m + 1,5 sideareal til mellom anna plassering av støy- / innsynsskjerm. VA-anlegg og kabeltrasear er plassert strekningsvis under fortau og under køyreveg.

